

1 / 2023

# RAPPORT

2023

## **Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 2**

Korleis oppleverer studentane  
læringsutbyteskildringar for utdanning?



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen – er et faglig uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs samfunnsoppdrag, oppgaver og faglige uavhengighet er definert i universitets- og høyskoleloven og er nærmere spesifisert i forskrifter. I tillegg utfører NOKUT tilsyns- og forvaltningsoppgaver etter delegasjon fra departementet.



Formålet med NOKUTs virksomhet er å sikre og fremme kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten i norsk høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning
- å godkjenne og informere om utenlandsk utdanning og informere om mulighetene for godkjenning av utenlandsk utdanning og kompetanse i Norge



NOKUTs arbeid skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i norsk høyere utdanning, høyere yrkesfaglig utdanning og godkjent høyere utenlandsk utdanning.



NOKUT bruker sakkyndige i akkrediteringer, tilsyn, evalueringer, godkjenning av utenlandsk utdanning og prosjekter.

Du kan lese mer om arbeidet vårt på [nokut.no](https://nokut.no).



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

|                      |                                                                                         |
|----------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Tittel</b>        | Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 2 |
| <b>Forfatter(e)</b>  | Kristoffer F. Øygarden, Bjørn Ragnar Stensby, Jon Furholt                               |
| <b>Dato</b>          | 13.02.2023                                                                              |
| <b>Rapportnummer</b> | 1-2023                                                                                  |
| <b>ISSN-nr</b>       | 1892-1604                                                                               |

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

## Forord

Denne delrapporten inngår i ei evaluering av *Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring* som NOKUT gjer på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Eit hovudmål i evalueringa er å skape eit godt kunnskapsgrunnlag om dagens situasjon. For å gjere dette har NOKUT innhenta informasjon om korleis studentane innan høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning forstår og opplev læringsutbyteskildringar. Svare me har fått inn utgjer ei av dei viktigaste kjeldene våre til informasjon om korleis NKR blir brukt og verkar inn mot ulike områder i utdanningssektoren.

Rapporten presenterer datamaterialet frå studentundersøkingane om læringsutbyteskildringar i utdanningane, retta mot studentar innan høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Dette materialet utgjer eit sentralt, empirisk grunnlag for å vurdere i kva grad og korleis studentar kjenner til, bruker og opplever læringsutbyteskildringar som nyttige.

Denne rapporten er den andre, deskriptive rapporten i evalueringa. Den fyrste deskriptive rapporten presenterer sjølvevalueringar frå utdanningsinstitusjonane og fagmiljøa om deira forhold til NKR og læringsutbyteskildringar. For øvrig viser me til evalueringas hovudrapport som blir ferdigstilt i 2023.

# Innhold

|                                                                                         |           |
|-----------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1 Overordna om rapporten og undersøkingane.....</b>                                  | <b>6</b>  |
| 1.1 Rapportens føremål og oppbygging .....                                              | 6         |
| 1.2 Spørsmåla til studentane .....                                                      | 6         |
| 1.3 Datakjelder.....                                                                    | 7         |
| <b>2 Resultata frå undersøkingane .....</b>                                             | <b>7</b>  |
| 2.1 Oversikt over spørsmåla og relevante bakgrunnsvariablar .....                       | 7         |
| 2.2 Korleis presenterer me resultata? .....                                             | 12        |
| 2.3 Kjennskap til læringsutbyteskildringar .....                                        | 13        |
| 2.4 Spørsmål om læringsutbyteskildringane .....                                         | 19        |
| 2.5 Studiebyte og internasjonal studentutveksling og<br>læringsutbyteskildringane ..... | 38        |
| 2.6 Oppsummering av funn .....                                                          | 42        |
| <b>3 Statistisk analyse .....</b>                                                       | <b>42</b> |
| 3.1 Metode.....                                                                         | 43        |
| 3.2 Analyseresultat (universitet/høgskular) .....                                       | 47        |
| 3.3 Analyseresultat (fagskular) .....                                                   | 52        |
| 3.4 Oppsummering av funn .....                                                          | 55        |

## Samandrag

Studentar ved både universitet/høgskular og fagskular rapporterer svært høg kjennskap til læringsutbyteskildringane, vurderer læringsutbyteskildringane som gode og bruker læringsutbyteskildringane til både emneval og eksamensførebuing. Det er òg teikn til at dersom læringsutbyteskildringane er godt utforma – det vil seie at dei er enkle å forstå, er tydeleg kopla på emne- og programnivå og samsvarar med opplevd læringsutbyte – så blir dei òg i større grad brukt og vurdert som nyttige av studentane. Denne tendensen ser me både i fagskule- og universitetssektoren, men den varierer noko etter fag.

På universitet og høgskular varierer tidspunktet for når studentane blir kjent med læringsutbyteskildringane på tvers av utdanningar med og utan rammeplan, sjølv om den totale kjennskapen er tilsvarande høg på tvers av utdanningane. Det er òg forskjellar mellom utdanningar med og utan rammeplan når det gjeld bruk av læringsutbyteskildringar: studentar på rammeplanstyrte utdanningar blir i større grad kjent med læringsutbyteskildringane etter påbegynt studium, opplever dei i mindre grad som enkle å forstå, og brukar dei i større grad til emneval, og i mindre grad til eksamensførebuing, enn studentar på andre utdanningar. Universitets- og høgskulestudentar som har planlagt eller gjennomført utveksling eller bytte av studium, vurderer jamt over læringsutbyteskildringane som nyttige verktøy i desse prosessane.

På fagskulane ser me tendensar i resultatane til at nettstudentane i større grad kjenner til læringsutbyteskildringane, og at dei blei kjent med læringsutbyteskildringane tidleg, samt at dei både vurderer læringsutbyteskildringane som betre, og i større grad brukar dei, samanlikna med studentar på stad- og samlingsbaserte utdanningar.

# 1 Overordna om rapporten og undersøkingane

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) blei innført i Noreg i 2011<sup>1</sup>, og i kjølvatnet av dette blei det utarbeidd forskriftskrav om at alle studieprogram i høgare utdanning (2011) og høgare yrkesfagleg utdanning (2013) skulle ha læringsutbyteskildringar. Denne rapporten er ei deskriptiv samanstilling av kvantitative data om studentanes perspektiv.

I 2021 fekk NOKUT i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet (KD) å evaluere Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Evalueringa skal vere ein heilskapleg gjennomgang av rammeverket og skal sjå på kva rolle NKR spelar for områda utdanningskvalitet og regulering av utdanning samt mobilitet og livslang læring. Evalueringa skal kartleggje korleis NKR verkar på desse områda, i kva grad det er i tråd med føremåla i NKR og kome med tilrådingar for vidareutvikling. Den konsentrerer seg om nivåa 5–8 og kvalifikasjonar som er innplassert på desse nivåa. For å svare på dei ulike evalueringsspørsmåla har NOKUT henta inn informasjon frå mellom anna utdanningsinstitusjonane innan høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, studentar og arbeidslivet.

Eit hovudmål i evalueringa er å skape eit godt kunnskapsgrunnlag om dagens situasjon. For å gjere dette har NOKUT innhenta informasjon om korleis studentane innan høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning forstår og opplev læringsutbyteskildringar. Svare me har fått inn utgjør ei av dei viktigaste kjeldene våre til informasjon om korleis NKR blir brukt og verkar inn mot ulike områder i utdanningssektoren.

## 1.1 Rapportens føremål og oppbygging

Denne rapporten presenterer kvantitative data om oppfatningar og erfaringar studentar har rundt læringsutbyteskildringar, samla gjennom NOKUT sine to studentundersøkingar. Rapporten er ei deskriptiv framstilling av empirien og er eit referansegrunnlag for diskusjonane i hovudrapporten. Denne rapporten inneheld difor i liten grad analysar av implikasjonar av resultatata og diskusjonar rundt konsekvensar og årsakssamanhengar. Analysar av resultatata frå undersøkingane blir gjennomført i hovudrapporten for evalueringa, der det er relevant.

Kapittel 1 gir ei oversikt over datamaterialet, inkludert innsamlingsmetode og deskriptiv statistikk for spørsmåla og bakgrunnsvariablar samt korleis dataa blir presentert i rapporten for øvrig. Kapittel 2 presenterer resultatata for undersøkingane, både overordna og brote ned på diverse bakgrunnsvariablar som sektor, fagfelt, nivå med meir. Resultata for universitet/høgskular og fagskular blir presenterte i separate delkapittel. I kapittel 3 nyttar me statistiske metodar for å undersøke nærare eventuelle samanhengar eller samvariasjon mellom utvalde spørsmål frå undersøkingane. Både kapittel 2 og 3 har oppsummerande merknader.

## 1.2 Spørsmåla til studentane

I spørsmålsstillinga har me lagt til grunn at studentane i liten grad har hatt kontakt med NKR eller EQF som sådan, men at dei primært er eksponert for, og nyttar, læringsutbyteskildringane som er ein konsekvens av NKR. Studentar er heller ikkje venta å

---

<sup>1</sup>[https://www.nokut.no/siteassets/nkr/250414\\_nasjonalt\\_kvalifikasjonsrammeverk\\_for\\_livslang\\_laring\\_nkr.pdf](https://www.nokut.no/siteassets/nkr/250414_nasjonalt_kvalifikasjonsrammeverk_for_livslang_laring_nkr.pdf)

nytte NKR på eit overordna nivå. Me har difor ikkje stilt spørsmål om NKR direkte, men om læringsutbyteskildringane for utdanningane dei går på.

Spørsmåla spring ut av ei tredelt tilnærming, der me undersøker (1) kjennskapen til læringsutbyteskildringar, (2) kvalitetar ved læringsutbyteskildringane og (3) bruk og nytte av læringsutbyteskildringar. I tillegg har me inkludert spørsmål om utveksling og overgangar til andre utdanningar. Spørsmåla som denne rapporten har som tema, blir samstundes sett i lys av andre spørsmål og bakgrunnsvariablar som studentundersøkingane inneheld.

## 1.3 Datakjelder

Dataa som blir presenterte i denne rapporten, inkludert bakgrunnsvariablar, er henta frå NOKUTs to nasjonale spørjeundersøkingar om studiekvalitet – Studiebarometeret for universitet/høgskular (SB-UH) og Studiebarometeret for fagskulestudentar (SBF).

Begge undersøkingane er gjennomført på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Undersøkingane er meint å styrke kunnskapsgrunnlaget om utdanningskvalitet i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, ved å hente inn informasjon om studentane sine erfaringar og oppfatningar om kvaliteten på studieprogrammet/utdanningstilbodet dei går på. Studiebarometeret for universitets- og høgskulestudentar har blitt gjennomført kvart år sidan 2013 og har etablert seg som ei viktig nasjonal undersøking. Tilsvarande blei Studiebarometeret for fagskulestudentar oppretta i 2017 og gjennomført årleg sidan. Til saman dekkjer undersøkingane alle høgare utdanningar og yrkesfaglege utdanningar i Noreg, med enkelte unntak.<sup>2</sup>

Spørsmåla om læringsutbyteskildringar blei utarbeida i samband med NOKUTs evaluering av NKR og inkludert som tilleggsdelar utover dei vanlege spørsmåla i dei ordinære spørjeskjemaa for undersøkingane. På grunn av at undersøkingane blir sendt ut på ulike tidspunkt, blei spørsmåla om læringsutbyteskildringar inkludert i Studiebarometeret for universitet og høgskular i 2021 og i Studiebarometeret for fagskulestudentar i 2022. Alle bakgrunnsvariablar i gjennomgangane under er òg henta frå undersøkingane, med unntak av variabelen som identifiserer rammeplanstyrte utdanningstilbod.<sup>3</sup>

## 2 Resultata frå undersøkingane

### 2.1 Oversikt over spørsmåla og relevante bakgrunnsvariablar

#### 2.1.1 Spørsmåla om læringsutbyteskildringar i spørjeskjemaa

Spørjeskjemaa for både SB-UH og SBF inneheldt totalt 16 spørsmål knytt til læringsutbyteskildringane. Spørsmålsbatteria er like på tvers av undersøkingane. Tabellane 2-1 til 2-4 under viser spørsmåla slik dei er framstilte i spørjeskjemaet. Tabellane inneheld vidare fullstendig spørsmålstekst, svarskala (om studentane kan svare ved enkel avkryssing

---

<sup>2</sup> Av diverse omsyn er Forsvarets høgskole ikkje med i undersøkinga.

<sup>3</sup> Variabelen er oppretta på grunnlag av SSBs Standard for utdanningsgruppering (NUS-kodeverket), samt Kunnskapsdepartementet si oversikt over rammeplanstyrte utdanningar: <https://www.ssb.no/klasse/klassifikasjoner/36/>.

eller på ein skala frå 1-5) og talet på respondentar som har svara på enkeltspørsmålet, både samla og for UH- og fagskulesektoren separat.

Nokre av spørsmåla i spørjeskjemaet blir berre stilt dersom respondentane har kryssa av eller valt eit spesifikt svaralternativ på spørsmål tidlegare i skjema. Kolonna «ruting» indikerer kva vidare spørsmål, om noka, studentane fekk ved å krysse av for det aktuelle svaralternativet i raden.

Tabell 2-1 og 2-2 viser dei såkalla inngangsspørsmåla om læringsutbyteskildringane. Både spørsmåla var obligatoriske. Det vil seie at det ikkje var mogleg å gå vidare i skjemaet utan å svare på spørsmåla. Spørsmålsbatteriet i tabell 2-1 dekkjer kjennskap til læringsutbyteskildringane. Studentar som svara at dei ikkje er kjent med læringsutbyteskildringane (svaralternativ 3), fekk ingen fleire spørsmål om læringsutbyteskildringane (spørsmål 7–16). Spørsmålsbatteriet i tabell 2-2 dekkjer mobilitet i samband med byte av studium og utvekslingsopphald. Studentane som kryssa av for ein eller fleire av desse, fekk dei korresponderande spørsmåla i tabell 2-4 (spørsmål 14–16) dersom dei i tillegg hadde kryssa av for spørsmål 1 eller 2. Spørsmål 7–13 gjekk til alle som svara at dei hadde kjennskap til læringsutbyteskildringane. Dei generelle spørsmåla om læringsutbyteskildringane, og spørsmåla om læringsutbyteskildringane og mobilitet, er forma som påstandar kor respondentane skulle svare på ein einigheitsskala frå 1 til 5 og kor «1» tydde «Ikkje einig» og «5» tydde «Heilt einig». Me omtaler påstandane vidare konsekvent som spørsmål.

Tabell 2-1: Generelle inngangsspørsmål om læringsutbyteskildringane

| Spm. nr | Kryss av på påstanden som passar best:                                                       | Ruting           | Svarskala  | N (Totalt) | N (UH) | N (Fagskule) |
|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|------------|------------|--------|--------------|
| 1       | Eg var kjent med læringsutbyteskildringane for utdanninga eg går på, før eg søkte om plass   | Spm. 7-13        | Avkryssing | 14112      | 10719  | 3393         |
| 2       | Eg blei kjent med læringsutbyteskildringane for utdanninga eg går på, etter at eg fekk plass | Spm. 7-13        | Avkryssing | 15417      | 11584  | 3833         |
| 3       | Eg er ikkje kjent med læringsutbyteskildringane for utdanninga eg går på                     | Ingen fleire spm | Avkryssing | 3109       | 2322   | 787          |

Tabell 2-2: Inngangsspørsmål om mobilitet (\* Respondentane kunne berre velje svaralternativ 3 dersom verken alternativ 1 eller 2 var valt. Respondentane kunne krysse av for både spørsmål 1 og 2 samstundes.)

| Spm. nr | Har du planlagt, gjennomfører eller har gjennomført ... | Ruting           | Svarskala   | N (Totalt) | N (UH) | N (Fagskule) |
|---------|---------------------------------------------------------|------------------|-------------|------------|--------|--------------|
| 4       | bytte av studium og/eller lærestad nasjonalt?           | Spm. 14          | Avkryssing  | 3366       | 2904   | 462          |
| 5       | utvekslingsopphald i utlandet?                          | Spm. 15-16       | Avkryssing  | 4467       | 4219   | 248          |
| 6       | ingen av delane                                         | Ingen fleire spm | Avkryssing* | 25472      | 18126  | 7346         |

Tabell 2-3: Generelle spørsmål om læringsutbyteskildringane

| Spm. nr | Kor einig er du i dei følgjande påstandane om læringsutbyteskildringar? | Svarskala                         | N (Totalt) | N (UH) | N (Fagskule) |
|---------|-------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------|------------|--------|--------------|
| 7       | Læringsutbyteskildringane er enkle å forstå                             | 1 (Ikkje einig) – 5 (Heilt einig) | 28 184     | 21 380 | 6 804        |

|    |                                                                                                    |                                      |        |        |       |
|----|----------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|--------|--------|-------|
| 8  | Læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av lærestad                                       | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 15 660 | 9 624  | 6 036 |
| 9  | Det var viktig for val av studium at læringsutbyteskildringane er relevante i arbeidslivet         | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 16 234 | 9 774  | 6 460 |
| 10 | Læringsutbyteskildringane for dei enkelte emna er klart kopla til læringsutbytet for heile studiet | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 26 001 | 19 736 | 6 265 |
| 11 | Eg brukar læringsutbyteskildringane når eg velfordjuping/emne e.l.                                 | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 22 461 | 17 257 | 5 204 |
| 12 | Eg brukar læringsutbyteskildringane for emnet når eg førebur meg til eksamen                       | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 27 061 | 21 180 | 5 881 |
| 13 | Læringsutbyteskildringane samsvarar med det eg har lært i emna eg har avslutta                     | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 25 379 | 19 389 | 5 990 |

Tabell 2-4: Spørsmål om mobilitet og læringsutbyteskildringane

| Spm. nr | Kor einig er du i dei følgjande påstandane om læringsutbyteskildringar?                | Svarskala                            | N (Totalt) | N (UH) | N (Fagskule) |
|---------|----------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|------------|--------|--------------|
| 14      | Læringsutbyteskildringane er viktige ved overgang til andre studiar / andre lærestadar | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 2 090      | 1 763  | 327          |
| 15      | Læringsutbyteskildringane er nyttige for planlegging av utvekslingsopphald i utlandet  | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 2 721      | 2 551  | 170          |
| 16      | Læringsutbyteskildringane er nyttige for innpassing av utvekslingsopphold i utlandet   | 1 (Ikkje einig) –<br>5 (Heilt einig) | 2 509      | 2 340  | 169          |

## 2.1.2 Bakgrunnsvariablar

Tabell 2-5 til 2-11 viser diverse bakgrunnsvariablar me nyttar for å bryte ned resultatane på mindre einingar av særskilt interesse. Alle variablar er henta frå studentundersøkinga, med unntak av *rammeplan*, som identifiserer utdanningane i universitets- og høgskulesektoren som har rammeplan eller forskriftsfesta retningslinjer (RETHOS<sup>4</sup>) og er oppretta i arbeidet med denne rapporten.

Oversiktene inkluderer talet på respondentar i kvar gruppe/kategori, samt kor stor andel desse utgjer av det totale datamaterialet. Merk at nokre variablar er unike for anten universitet- og høgskulesektoren eller for fagskulesektoren. For eksempel er variabelen *utdanningsform*, som viser fordeling på stad-, samlings- og nettbaserte utdanningar, unik for fagskule-datasettet, medan variabelen *rammeplan* er unik for datasettet frå universitet/høgskular. Variablane som identifiserer fagområde er òg separate for kvar sektor.

Tabell 2-5: Tal på studentar i datasettet, fordelt på universitet/høgskular og fagskular, inkl. fordeling på offentlege/private institusjonar i kvar gruppe

<sup>4</sup> «Retningslinjene for helse- og sosialfagutdanningene.»

| Sektor                | N             | Andel (heile datasettet) | Offentleg/privat |
|-----------------------|---------------|--------------------------|------------------|
| Universitet/høgskular | 30 223        | 76%                      | 84%/16%          |
| Fagskular             | 9 414         | 24%                      | 47%/53%          |
| <b>Totalt</b>         | <b>39 637</b> | <b>100%</b>              |                  |

Tabell 2-6: Tal på studentar i datasettet, fordelt på nivå (universitet/høgskular)

| Nivå          | N             | Andel (universitet/høgskular) |
|---------------|---------------|-------------------------------|
| Bachelor      | 17 645        | 58%                           |
| Master        | 12 578        | 42%                           |
| <b>Totalt</b> | <b>30 223</b> | <b>100%</b>                   |

Tabell 2-7: Tal på studentar i datasettet, fordelt på rammeplanstyrte og ikkje-rammeplanstyrte utdanningar (universitet/høgskular)

| Rammeplan            | N             | Andel (universitet/høgskular) |
|----------------------|---------------|-------------------------------|
| Rammeplanstyrt       | 12 495        | 41%                           |
| Ikkje rammeplanstyrt | 17 728        | 59%                           |
| <b>Totalt</b>        | <b>30 223</b> | <b>100%</b>                   |

Tabell 2-8: Tal på studentar i datasettet, fordelt på fagfelt, inkl. fordeling på rammeplanstyrte og ikkje-rammeplanstyrte utdanningar innanfor kvart fagfelt (universitet/høgskular)

| Fagfelt                                              | Ikkje rammeplanstyrt | Rammeplanstyrt | Andel - ikkje rammeplan | Andel - rammeplan | Totalt        |
|------------------------------------------------------|----------------------|----------------|-------------------------|-------------------|---------------|
| Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk         | 759                  | 4 196          | 15 %                    | 85 %              | 4 955         |
| Helse-, sosial- og idrettsfag                        | 1 306                | 5 772          | 18 %                    | 82 %              | 7 078         |
| Samferdsels- og sikkerheitsfag og andre servicefag   | 414                  | 211            | 66 %                    | 34 %              | 625           |
| Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag | 4 970                | 1 566          | 76 %                    | 24 %              | 6 536         |
| Samfunnsfag og juridiske fag                         | 3 202                | 723            | 82 %                    | 18 %              | 3 925         |
| Primærnæringsfag                                     | 270                  | 8              | 97 %                    | 3 %               | 278           |
| Økonomiske og administrative fag                     | 4 337                | 19             | 100 %                   | 0 %               | 4 356         |
| Humanistiske og estetiske fag                        | 2 470                | 0              | 100 %                   | 0 %               | 2 470         |
| <b>Totalt</b>                                        | <b>17 728</b>        | <b>12 495</b>  | <b>59 %</b>             | <b>41 %</b>       | <b>30 223</b> |

Tabell 2-9: Tal på studentar i datasettet, fordelt på utdanningstype, inkl. fordeling på rammeplanstyrte og ikkje-rammeplanstyrte utdanningar innanfor kvart fagfelt – sortert på andel på rammeplanstyrte utdanningar (universitet/høgskular)

| Utdanningstype        | Ikkje rammeplanstyrt | Rammeplanstyrt | Total |
|-----------------------|----------------------|----------------|-------|
| Bioingeniør           | 0                    | 224            | 224   |
| Fag- og yrkesfaglærer | 0                    | 226            | 226   |
| Farmasi               | 0                    | 180            | 180   |
| Lektor                | 0                    | 688            | 688   |
| Medisin               | 0                    | 480            | 480   |
| Odontologi            | 0                    | 170            | 170   |
| Sosialt arbeid        | 0                    | 488            | 488   |

|                                  |       |       |       |
|----------------------------------|-------|-------|-------|
| Sjukepleie                       | 0     | 2 146 | 2 146 |
| Vernepleie                       | 0     | 426   | 426   |
| Grunnskulelærer                  | 2     | 1 966 | 1 968 |
| Ingeniør                         | 10    | 1526  | 1536  |
| Barnehagelærer                   | 22    | 1316  | 1338  |
| Ergo- og fysioterapi             | 19    | 432   | 451   |
| Barnevern                        | 20    | 368   | 388   |
| Psykologi                        | 157   | 723   | 880   |
| Helse- og sosialfag, andre       | 425   | 764   | 1189  |
| Samferdsel og sikkerhet          | 531   | 189   | 720   |
| Ernæring og folkehelse           | 278   | 69    | 347   |
| Naturvitenskapelige fag, andre   | 566   | 67    | 633   |
| Geologi                          | 164   | 3     | 167   |
| Økonomiske og administrative fag | 3736  | 19    | 3755  |
| Arkeologi                        | 58    | 0     | 58    |
| Arkitektur                       | 230   | 0     | 230   |
| Bildende kunst og kunsthandverk  | 427   | 0     | 427   |
| Biologi                          | 577   | 0     | 577   |
| Filosofi                         | 40    | 0     | 40    |
| Fysikk                           | 98    | 0     | 98    |
| Geografi                         | 93    | 0     | 93    |
| Handel og marknadføring          | 509   | 0     | 509   |
| Historie                         | 211   | 0     | 211   |
| Hotell- og reiselivs fag         | 169   | 0     | 169   |
| Humanistiske fag, andre          | 393   | 0     | 393   |
| Idrett                           | 514   | 0     | 514   |
| Informasjons- og datateknologi   | 1 106 | 0     | 1 106 |
| Juridiske fag                    | 814   | 0     | 814   |
| Kjemi                            | 203   | 0     | 203   |
| Matematikk og statistikk         | 119   | 0     | 119   |
| Medie- og informasjon            | 710   | 0     | 710   |
| Musikk, dans og drama            | 511   | 0     | 511   |
| Pedagogikk                       | 734   | 0     | 734   |
| Primærnæring                     | 259   | 0     | 259   |
| Religion                         | 324   | 0     | 324   |
| Samfunnsfag, andre               | 271   | 0     | 271   |
| Samfunnsøkonomi                  | 187   | 0     | 187   |
| Sivilingeniør                    | 1 865 | 0     | 1 865 |
| Sosialantropologi                | 84    | 0     | 84    |
| Sosiologi                        | 223   | 0     | 223   |
| Språk                            | 373   | 0     | 373   |
| Statsvitenskap                   | 696   | 0     | 696   |

Tabell 2-10: Tal på studentar i datasettet, fordelt på utdanningsform (fagskular)

| Utdanningsform             | N            | Andel (fagskular) | Beskrivelse |
|----------------------------|--------------|-------------------|-------------|
| Stadbasert undervising     | 4 767        | 51%               |             |
| Samlingsbasert undervising | 2 911        | 31%               |             |
| Nettbasert undervising     | 1 736        | 18%               |             |
| <b>Totalt</b>              | <b>9 414</b> | <b>100%</b>       |             |

Tabell 2-11: Tal på studentar i datasettet, fordelt på utdanningskategori frå Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (fagskular)

| Utdanningskategori (FKF) | N            | Andel (fagskular) |
|--------------------------|--------------|-------------------|
| Teknisk                  | 3 954        | 42 %              |
| Helse og velferd         | 2 150        | 23 %              |
| ØkAdm                    | 1 395        | 15 %              |
| Kreativ                  | 1 107        | 12 %              |
| Samferdsel               | 610          | 6 %               |
| Annet                    | 198          | 2 %               |
| <b>Totalt</b>            | <b>9 414</b> | <b>100 %</b>      |

## 2.2 Korleis presenterer me resultatata?

Resten av kapittel 2 går gjennom resultatata på spørsmåla om læringsutbyteskildringar, vist i tabell 2-1 til 2-4 over. Svarfordelingane på spørsmåla blir først vist på overordna nivå, deretter på fordelt på diverse dimensjonar av interesse. Dette inkluderer fagområde for både sektorane, nivå og rammeplanstyring for universitet og høgskular og utdanningsform for fagskular. Der svarskaalen på spørsmåla er ein fem-delt Likert-skala (1–5, kor «1» tyder «Ikkje einig» og «5» tyder «Heilt einig»), viser me i hovudsak andel einige og ueinige svar, kor dei som svara kategori 4 eller 5 er «einige» og dei som svara kategori 1 og 2 som «ikkje einig».

Dei generelle spørsmåla om læringsutbyteskildringar (tabell 2-3 og 2-4 over) er delt inn i delkapittel etter tema: kvalitetar ved læringsutbyteskildringar, bruk av læringsutbyteskildringar, kor viktig læringsutbyteskildringar er opp mot studieval og nytten av læringsutbyteskildringar m.o.t. mobilitet. Kva spørsmål som går inn under kvart tema er presisert i dei enkelte delkapitla.

I kapittel 3 ser me nærare på potensielle samanhengar mellom svarmønstra på spørsmål om læringsutbyteskildringar ved hjelp av regresjonsanalysar. Kapittelet undersøker to hovudspørsmål: a) Er det samanheng mellom korleis studentane opplever kvalitetar ved læringsutbyteskildringane (for eksempel om dei er enkle å forstå eller samsvarar med læringsutbytet deira) og bruken / vurderinga av nytten av læringsutbyteskildringar til diverse føremål og b) Er det samanheng mellom studentane si oppfatning av om læringsutbyteskildringane for emna og dei overordna læringsutbyteskildringane på studieprogrammet er godt kopla saman, og opplevinga deira av samanheng mellom emna på studiet? Analysemetoden gjer det mogleg for oss å undersøke desse samanhengane medan me samstundes kontrollerer for andre potensielle årsaksfaktorar. Detaljar om metode og variabelgjennomgang ligg i innleiinga til kapittel 3.

## 2.3 Kjennskap til læringsutbyteskildringar

I denne delen undersøker me i kva grad studentane har kjennskap til læringsutbyteskildringane, både overordna og fordelt på mellom anna sektor, fagområde og nivå. Studentane fekk følgjande obligatoriske spørsmål i batteriet, og dei kunne krysse av på eitt alternativ:


*Kryss av for påstanden som passar best:*

- Eg var kjent med læringsutbyteskildringane for utdanninga eg går på, før eg søkte om plass
- Eg blei kjent med læringsutbyteskildringane for utdanninga eg går på, etter at eg fekk plass
- Eg er ikkje kjent med læringsutbyteskildringane for utdanninga eg går på

Dette spørsmålet gjev oss eit overordna innblikk i kjennskapen studentane har til læringsutbyteskildringar. Det kan også gje ein indikasjon på i kva grad læringsutbyteskildringar kan vere ei informasjonskjelde for potensielle studentar.

### 2.3.1 Kjennskap til læringsutbyteskildringar – overordna

Figur 2-1 viser svarfordelinga på spørsmålet om kjennskap til læringsutbyteskildringar for universitets/høgskule- og fagskulesektoren samla.




Figur 2-1: Kjennskap til læringsutbyteskildringar – svarfordeling, overordna for universitets/høgskule- og fagskulesektoren samla.

Svarfordelingane viser at dei aller fleste studentane (ca. 90 %) kjenner til læringsutbyteskildringar. Det er ikkje nemneverdige forskjellar mellom universitets- og fagskulesektoren. Svara fordeler seg òg nokolunde jamt på om studentane blei kjent med læringsutbyteskildringane før dei søkte om studieplass eller etter dei fekk tilbud om plass, med ein noko større andel i sistnemnde kategori.

### 2.3.2 Kjennskap til læringsutbyteskildringane ved universitet og høgskular

I denne delen ser me på kjennskap til læringsutbyteskildringar ved universitet og høgskular fordelt på utdanningstypar, og om utdanninga er rammeplanstyrt eller ikkje. Me ser ingen forskjellar i kjennskap mellom bachelor- og masterstudentar. Det er heller ikkje nemneverdige forskjellar på når studentane blei kjent med læringsutbyteskildringane på tvers av bachelor- og masterstudentar. Me viser dermed ikkje svarfordelingane for nivå.

Figur 2-4 viser andelen studentar som kjenner til læringsutbyteskildringane ved universitet og høgskular fordelt på rammeplanstyrte vs. ikkje-rammeplanstyrte utdanningar.




Figur 2-2: Andel kjennskap til læringsutbyteskildringane, fordelt på rammeplanstyrte vs. ikkje-rammeplanstyrte utdanningar (universitet/høgskular).


Resultata viser at studentane på rammeplanstyrte utdanningar i større grad blei kjent med læringsutbyteskildringane etter tilbod om studieplass, samanlikna med studentar på utdanningar utan rammeplan (20 prosentpoeng forskjell), og i mindre grad blei kjent med læringsutbyteskildringane før studiestart (litt over 15 prosentpoeng forskjell). Det er ein markant skilnad i tidspunkt studentane blir kjent med læringsutbyteskildringane. Ei mogleg årsak kan vere at dei rammeplanstyrte utdanningane har ein klarare yrkesfagleg profil som er generelt godt kjent av studentar og samfunnet. Det vil i så fall redusere tilbøyelegheita til å aktivt oppsøkje informasjon om læringsutbytet av utdanninga. Det er derimot ope om dei høgare andelane studentar som blei kjent med læringsutbyteskildringane etter at dei fekk plass, gjorde det fordi læringsutbyteskildringane blir brukt meir aktivt i desse utdanningane, eller om dei låge andelane blant studentar som går på utdanningar som ikkje er rammeplanstyrte, er best forklart med at mange allereie kjente til læringsutbyteskildringane. Med andre ord seier ikkje fordelinga noko om i kva grad studentane blir eksponert for læringsutbyteskildringane gjennom utdanninga.

Figur 2-5 viser den totale andelen studentar som kjenner til læringsutbyteskildringar ved universitet og høgskular, det vil seie dei som har svara at dei blei kjent med læringsutbyteskildringane anten før dei søkte om studieplass eller etter dei fekk tilbod om

plass, fordelt på utdanningstype. Figur 2-6 viser andelen studentar som kjente læringsutbyteskildringane før dei søkte om studieplass og etter tilbød om plass, blant studentane som kjenner læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningstype. Resultata er rangert i stigande rekkefølge ut frå andelen studentar som blei kjent med læringsutbyteskildringane før dei søkte om studieplass.



Figur 2-3: Andel kjennskap til læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningstype – høgast/lågast andel (universitet/høgskular).




Figur 2-4: Andel som kjente læringsutbyteskildringane før dei søkte om studieplass og etter tilbod om plass, blant studentane som kjenner læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningstype – høgast/lågast andel (universitet/høgskular)

Sjølv brote ned på utdanningstype er den totale kjennskapen til læringsutbyteskildringar jamt over høg – kjennskap varierer frå 78 % på fysikk til 98 % på barnevern. Det er likevel verdt å merke seg ein overvekt av rammeplanstyrte utdanningar i den høge enden av skalaen (med unntak av ingeniørutdanningar), medan dei fleste naturfaga hamnar nedst. Frå figur 2-6 ser me at det er ein tendens til at studentane på helse- og sosialfag og lærarutdanningane (som òg har høgast kjennskap totalt) tenderer mot kjennskap til læringsutbyteskildringane etter studiestart. Naturfaga (som generelt sett har lågast kjennskap totalt) tenderer på den andre sida mot kjennskap før søknad om studieplass. Helse- og sosialfaga og lærarutdanningane utgjer også ein svært stor del av dei rammeplanstyrte utdanningane, og dette kan bidra til å kaste lys over den fordelinga.

### 2.3.3 Kjennskap til læringsutbyteskildringane i fagskulane


I denne delen ser me nærare på kjennskap til læringsutbyteskildringar ved fagskulane, fordelt på utdanningsform og utdanningskategori (fagområde).<sup>5</sup> Utdanningsform er den variabelen kor det er størst avstand mellom tidspunktet for når studentar blei kjent med læringsutbyteskildringar, og difor har me med denne her.



Figur 2-5: Andel som kjenner læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningsform (fagskular)


Figur 2-7 viser andelen fagskulestudentar som kjente læringsutbyteskildringane før dei søkte om studieplass og etter tilbud om plass, samt dei som ikkje kjenner til læringsutbyteskildringane, fordelt på stad-, samlings- og nettstudentar. Den mest markante forskjellen er at studentane på dei nettbaserte utdanningane i klart større grad svarar at dei kjente til læringsutbyteskildringane før søknad om studieplass enn etter dei fekk tilbud (over 20 prosentpoeng forskjell). Nettstudentane skil seg dermed frå studentane på både stad- og samlingsbaserte utdanningar, som i noko større grad svarar at dei blei kjent med læringsutbyteskildringane etter tilbud om plass. Det er ingen vesentlege forskjellar på tvers av utdanningsformane når det gjeld manglande kjennskap til læringsutbyteskildringar.

<sup>5</sup> Som for Studiebarometeret for universitet/høgskular har me i fagskuleundersøkinga òg ein variabel utdanningstype, med meir finmaska faginndeling. På grunn av det lågare talet på studentar i fagskuleundersøkinga gir denne inndelinga oss fleire kategoriar med svært få observasjonar og dermed meir usikre resultat, som ev. må utelukkast frå grafiske framstillingar. I tillegg ser me i fleire tilfelle lite variasjon i resultatata innanfor kvar utdanningskategori, noko som indikerer at det er hensiktsmessig å framstille resultatata på kategorinivå. Der det er nemneverdige forskjellar innanfor enkeltkategoriar kommenterer me dette.



Figur 2-6: Andel samla kjennskap til læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningskategori (fagskular)

Figur 2-8 viser andel samla kjennskap til læringsutbyteskildringar blant fagskulestudentane, fordelt på utdanningskategori. Me ser nokre forskjellar i kjennskap på tvers av fagområda, men desse er ikkje særleg store – kjennskap varierer frå 84 % på samferdsel til 95 % på helse og velferd.



Figur 2-7: Andel kjennskap til læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningskategori (fagskular)

Me ser ein tendens i dei fleste kategoriane til at studentane i større grad blei kjent med læringsutbyteskildringane etter opptak, med unntak av økonomi og administrasjon, men forskjellane er små mellom tidspunkt for kjennskap på tvers av fagområda.

## 2.4 Spørsmål om læringsutbyteskildringane

### 2.4.1 Spørsmåla, struktur og oppsett


Både spørreskjemaet inkluderte totalt 10 spørsmål om læringsutbyteskildringar. Desse gjekk til alle studentar som svarte at dei kjende til læringsutbyteskildringane i det innleiande spørsmålet. Spørsmåla kan delast inn i fire kategoriar: spørsmål om kvalitetar ved læringsutbyteskildringar, spørsmål om studentane sin bruk av læringsutbyteskildringar, spørsmål om kor viktig læringsutbyteskildringane var for studieval og studentane si oppfatning om nytten av læringsutbyteskildringar for utveksling og byte av studium.

Gjennomgangen av spørsmålsbatteriet under er delt inn tematisk basert på desse fire kategoriane og følgjer same struktur som er skissert i kapittel 2.2. Merk at me i kvart delkapittel viser overordna svarfordeling for kvart enkelt spørsmål for sektorane samla, og deretter konsekvent viser andel som er «einige» i påstandane.

### 2.4.2 Kvalitetar ved læringsutbyteskildringane

Figur 2-10 viser svarfordelinga for spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane for universitets/høgskule- og fagskulesektoren samla. Merk at resultatane berre gjeld dei som har svara at dei kjenner til læringsutbyteskildringane. Dette omfattar følgjande spørsmål:


- Læringsutbyteskildringane er enkle å forstå
- Læringsutbyteskildringane for dei enkelte emna er klart kopla til læringsutbyttet for heile studiet
- Læringsutbyteskildringane samsvarar med det eg har lært i emna eg har avslutta



Figur 2-8: Spørsmål om kvalitetar ved læringsutbyteskildringar, svarfordeling for universitet/høgskular og fagskular samla

Svarfordelingane viser at gjennomgåande svarar over halvparten av studentane som kjenner læringsutbyteskildringane, at dei er einige i at læringsutbyteskildringane er enkle å forstå, at det er klar kopling mellom læringsutbyteskildringane for program og læringsutbyteskildringane for enkeltemne og at læringsutbyteskildringane samsvarar med det opplevde læringsutbyttet. Spørsmålet om samsvar med læringsutbyttet har den høgaste andelen som er einige, på over 60 prosent. Andel som ikkje er einige er gjennomgåande låg og varierer frå 9 til 13 prosent.

Figur 2-11 viser andel einige på spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringar, fordelt på universitet/høgskular (N=30 223) og fagskular (N=9 414).




Figur 2-9: Spørsmål om kvalitetar ved læringsutbytteskildringar, andel einige svar fordelt på sektor

Resultata viser ein tendens til at fagskulestudentane vurderer kvalitetane ved læringsutbytteskildringane meir positivt enn universitets- og høgskulestudentane, men forskjellane er små. Andelen positive svar er høg i begge sektorane.

#### Kvalitetar ved læringsutbytteskildringar – universitet/høgskular


Figur 2-13 viser andel som er einige i spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbytteskildringane, fordelt på utdanningar med og utan rammeplan. Me finn ingen forskjellar mellom bachelor- og masterstudentar på desse spørsmåla og viser dermed ikkje fordelinga på nivå.



Figur 2-10: spørsmål om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, andel einige svar fordelt studiar med og utan rammeplan (universitet/høgskular)


Resultata viser at studentar på rammeplanstyrte utdanningar tenderer mot å svare noko lågare på at læringsutbyteskildringane er enkle å forstå, mens andelen einige på dei andre spørsmåla er meir eller mindre lik.

Figur 2-14 til 2-16 viser andel einige for dei tre spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningstype. Figurane viser dei 10 utdanningstypene med høgast og lågast andel einige.



Figur 2-11: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane er enkle å forstå» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)


Resultata viser ein variasjon i andel einige frå 35-65 prosent. Program innan pedagogikk og religion svarar i høgast grad at læringsutbyteskildringane er enkle å forstå, saman med eit knippe andre fagområde frå i hovudsak samfunnsfag/humaniora. Blant dei med lågare andel einige ser me fleire utdanningstypar med rammeplanstyrte utdanningar, bl.a. sjukepleie, grunnskulelærer, lektor, ingeniør, medisin samt andre helsefag. Dette samsvarar med tala frå figur 2-13 og støttar opp under inntrykket at rammeplanstyrte utdanningar i mindre grad synes læringsutbyteskildringane er enkle å forstå. Medisin skil seg også ut med høg andel ueinige svar (32 %), der dei fleste ligg rundt 10–15 prosent.



Figur 2-12: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane for dei enkelte emne er klart kopla til læringsutbyteskildringane for heile studiet» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)

På spørsmålet om det er klar kopling mellom læringsutbyteskildringane for enkeltemne og læringsutbyteskildringane for programmet som heilheit, ser me variasjon frå 40 % til ca. 75 % einige. Igjen er det rammeplanutdanningar som dominerer i det nedre sjiktet, der mellom anna lektor, sivilingeniør, grunnskulelærer, ingeniør og sjukepleie har den minst positive vurderinga av koplinga mellom læringsutbyteskildringane, men her ser me i tillegg nokre rammeplanstyrte utdanningar i det øvre sjiktet – mellom anna barnehagelærarar og vernepleie vurderer koplinga mellom læringsutbyteskildringane høgt. At lektorutdanninga ligg lågt på dette spørsmålet er ikkje overraskande, og me finn støtte for det andre plassar.<sup>6</sup> Dette handlar i stor grad om programmets oppbygging. Det er samstundes ikkje noko klart mønster i kva type utdanningar som ligg i øvre og nedre sjikt i desse andelane.

<sup>6</sup> Sjå evalueringa av lektorutdanningane: <https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/prosjekter-i-nokut/evaluering-av-lektorutdanningene/>




Figur 2-13: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane samsvarar med det eg har lært i emna eg har avslutta» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)

Til sist varierer vurderinga av samsvar mellom læringsutbyteskildringane og det studentane har lært i avslutta emne frå 48 % til ca. 75 % andel einige. Som for dei to førre spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane ligg religion og pedagogikk heilt øvst, medan fleire av rammeplanutdanningane i mindre grad opplever samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyttet. Mellom anna sjukepleie, ingeniør, grunnskulelærer og lektor peiker seg ut som utdanningstypar der vurderinga av kvalitetane ved læringsutbyteskildringane er konsekvent særleg låg, men her fordeler helse- og omsorgsutdanningane seg over heile spekteret. Det er også jamt over større andel einige på denne variabelen enn for dei andre spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane.

Merk at for alle tre spørsmåla ser me ein variasjon i andel einige på rundt 25–35 prosentpoeng mellom utdanningstypene.

### Kvalitetar ved læringsutbyteskildringane – fagskular

Figur 2-17 viser andel einige i spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningsform (stad-, samlings- og nettbaserte utdanningar).




Figur 2-14: Spørsmål om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, andel einige fordelt på utdanningsform (fagskular)


For fagskuleundersøkinga er utdanningsform eit område der me ser mest markant variasjon i vurderinga av kvalitetar ved læringsutbyteskildringane. Studentar ved nettbaserte utdanningar svarar i større grad enn studentar på stad- og samlingsbaserte at læringsutbyteskildringane er enkle å forstå, at det er tydeleg kopling mellom læringsutbyteskildringar på emnenivå og læringsutbyteskildringar på programnivå, og at læringsutbyteskildringane samsvarar med det dei har lært. Forskjellen på graden av einigheit mellom nettstudentar på den eine sida, og studentar ved stad- og samlingsbaserte utdanningar på den andre, er på 10–20 prosentpoeng.

Her er det verdt å minne på at nettstudentane skil seg òg ut frå dei to andre utdanningsformene når det gjeld kjennskap til læringsutbyteskildringane. Eit tydeleg fleirtal av nettstudentane svarte at dei blei kjent med læringsutbyteskildringane før studiestart (60 %), i motsetnad til stad- og samlingsstudentane som i større grad blei kjent med læringsutbyteskildringar etter påbegynt studie (jf. figur 2-7 over). Nettstudentane blir dermed kjent med læringsutbyteskildringane tidlegare, i tillegg til at dei vurderer læringsutbyteskildringar meir positivt.


Figurane 2-18 til 2-20 viser andel einige for dei tre spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningskategori.



Figur 2-15: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane er enkle å forstå», fordelt på utdanningskategori (fagskular)



Figur 2-16: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane for dei enkelte emne er klart kopla til læringsutbyteskildringane for heile studiet», fordelt på utdanningskategori (fagskular)



Figur 2-17: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane samsvarar med det eg har lært i emna eg har avslutta», fordelt på utdanningskategori


Andelen som er einige i spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, varierer i stor grad mellom utdanningskategoriane, med gjennomgåande forskjell på omtrent 30 prosentpoeng mellom samferdsfag nedst og helse- og velferdsfag øvst. Merk at rangeringa av andel einige er meir eller mindre konsekvent på tvers av spørsmåla, der helse- og velferdsstudentar er mest positive, teknisk- og samferdselsstudentar er minst positive, og studentar på økonomi og administrasjon og kreative fag hamnar ein stad midt i mellom desse. Dette samsvarar i stor grad med korleis svarmønstra teiknar seg i resten av Studiebarometeret for fagskulestudentar – mellom anna på overordna tilfredsheit med utdanninga si. Resultata indikerer dermed at lågare eller høgare tilfredsheit med utdanningstilbodet og vurderinga av læringsutbyteskildringane i stor grad heng saman.

### 2.4.3 Bruk av læringsutbyteskildringane


Figur 2-21 viser svarfordelinga for spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringane for universitets/høgskule- og fagskulesektoren samla. Merk at resultata berre gjeld dei som har svara at dei kjenner til læringsutbyteskildringane. Dette omfattar følgjande spørsmål:

- Eg brukar læringsutbyteskildringane når eg vel fordjuping/emne eller liknande
- Eg brukar læringsutbyteskildringane for emnet når eg førebur meg til eksamen

Figur 2-22 viser andel einige for spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringane, fordelt på universitet/høgskular og fagskular.



Figur 2-18: Spørsmål om bruk av læringsutbyteskildringane, svarfordeling for universitet/høgskular og fagskular samla




Figur 2-19: Spørsmål om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, andel einigefordelt på sektor (universitet/høgskular)

På overordna nivå ser me at rett under halvparten av studentane som kjenner læringsutbyteskildringane, rapporterer at dei brukar læringsutbyteskildringane til emneval og førebuing til eksamen. Samstundes seier litt over ein fjerdedel av studentane seg usamd i at dei brukar læringsutbyteskildringane til desse formåla. Fordelt på sektor ser me ein noko høgare tendens til bruk av læringsutbyteskildringane til førebuing til eksamen blant fagskulestudentane, men det er snakk om forholdsvis små forskjellar (6 prosentpoeng). Når det gjeld bruk av læringsutbyteskildringane til val av emne, ligg institusjonstypane forholdsvis likt i andelen som er einige.

### Bruk av læringsutbyteskildringane – universitet/høgskular


Figur 2-24 viser andel einige på spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringar, fordelt på utdanningar med og utan rammeplan. Me ser ingen markante forskjellar mellom bachelor- og mastergradsstudentar på desse spørsmåla, og viser dermed ikkje svarfordeling fordelt på nivå.




Figur 2-20: Spørsmål om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, andel einige fordelt på studiar med og utan rammeplan (universitet/høgskular)

Resultata (fig 2.23) viser ein svak tendens til at bachelorstudentar i mindre grad svarar at dei brukar læringsutbyteskildringane til val av emne, og i større grad svarar at dei brukar læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing, men forskjellane er svært små. På utdanningar med og utan rammeplan ser me meir markante forskjellar: Studentar på rammeplanstyrte utdanningar svarar i større grad at dei brukar læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing (9 prosentpoeng forskjell) og i mindre grad at dei brukar læringsutbyteskildringane til val av emne (14 prosentpoeng forskjell), samanlikna med studentar på utdanningar utan rammeplan. Fleire av dei rammeplanstyrte utdanningane har mindre valfridom når det gjeld val av emne, og det kan bidra til å forklare kvifor læringsutbyteskildringar er mindre relevante for dette. Me har likevel ikkje noka openberr forklaring på kvifor studentar på rammeplanstyrte utdanningar i høgare grad enn andre nyttar læringsutbyteskildringar til eksamensførebuing.

Figur 2-25 og 2-26 viser andel einige for dei to spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringane, fordelt på utdanningstype. Figurane viser dei 10 utdanningstypene med høgast og lågast andel einige.



Figur 2-21: Andel einige på spørsmålet «Eg brukar læringsutbyteskildringane når eg vel fordjuping/emne e.l.» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)




Figur 2-22: Andel einige på spørsmålet «Eg brukar læringsutbyteskildringane for emnet når eg førebur meg til eksamen» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)

Som for spørsmåla om kvalitetar ved læringsutbyteskildringane over dominerer rammeplanstyrte utdanningar blant utdanningstypene med lågare andel einige, særleg på spørsmålet om bruk av læringsutbyteskildringane til val av emne. Me ser derimot noko større variasjon i fordelinga her, samanlikna med dei førre spørsmåla. For eksempel stikk medisin seg ut med lågast andel på bruk til val av emne, men ikkje på bruk til eksamen. Dette heng nok saman med lågare valmoglegheit for emne på medisinstudia. Sivilingeniør har lågast andel totalt for førebuing til eksamen, men er blant utdanningstypene med høgast andel for bruk til val av emne. Arkitektur og informasjons- og datateknologi viser same fordeling med høg andel på emneval, men låg andel på eksamensførebuing. Det er òg verd å merke seg at bioingeniør ligg på topp når det gjeld bruk av læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing, og dei er i tillegg på topp når det gjeld rapportert samsvar mellom læringsutbyteskildringane og det dei har lært (jf. figur 2-16).

### Bruk av læringsutbyteskildringane – fagskular

Figur 2-27 viser andel einige for spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringane, fordelt på stad-, samlings- og nettbaserte studentar.




Figur 2-23: Spørsmål om bruk av læringsutbyteskildringane, andel einige fordelt på utdanningsform (fagskular)


For fagskulane er det markante forskjellar på spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringane mellom utdanningsformene. Nettstudentane svarar i større grad enn både stads- og samlingsstudentane at dei brukar læringsutbyteskildringane til både val av emne (ca. 15–20 prosentpoeng forskjell) og til eksamensførebuing (ca. 9–14 prosentpoeng forskjell). Merk at nettstudentane i tillegg skil seg ut med større grad av kjennskap til læringsutbyteskildringane i forkant av opptak (jf. figur 2-7), og at dei jamt over vurderer kvalitetane med læringsutbyteskildringane meir positivt enn stad- og samlingsstudentane (jf. figur 2-17). Det er òg påfallande at studentane på samlingsbaserte utdanningar rapporterer minst bruk av læringsutbyteskildringane, då den høge graden av

nettundervising på denne utdanningsforma skulle tilseie at dei låg tettare opp mot nettstudentane. Ei mogleg forklaring kunne vore at forskjellar mellom utdanningskategoriar eigentleg ligg bak – heile 65 % av samlingsutdanningane er tekniske utdanningar – men nærare analyser indikerer at samlingsstudentane svarar signifikant forskjellig frå nettstudentane, sjølv når me kontrollerer for variasjon mellom utdanningskategoriane.

Figur 2-28 og 2-29 viser andel einige for dei to spørsmåla om bruk av læringsutbytte-skildringane, fordelt på utdanningskategori.



Figur 2-24: Andel einige på spørsmålet «Eg brukar læringsutbytteskildringane når eg vel fordjuping/emne e.l.» fordelt på utdanningskategori (fagskular)



Figur 2-25: Andel einige på spørsmålet «Eg brukar læringsutbytteskildringane for emnet når eg førebur meg til eksamen» fordelt på utdanningskategori (fagskular)


Andelen einige på spørsmåla om bruk av læringsutbyteskildringane fordeler seg på utdanningskategori igjen mykje på same måte som andre spørsmål i Studiebarometeret og andre spørsmål om læringsutbyteskildringar. Helse- og velferd har høgast andel einige, medan teknisk og samferdsel har lågast andel.

### 2.4.4 Tydinga av læringsutbyteskildringane for studieval

Figur 2-30 viser svarfordelinga for spørsmåla om tydinga av læringsutbyteskildringane for studieval for universitets/høgskule- og fagskulesektoren samla. Dette omfattar følgjande spørsmål:

- Læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av lærestad
- Det var viktig for val av studium at læringsutbyteskildringane er relevante i arbeidslivet

Me har slått dei låge (1 og 2) og høge (4 og 5) svarkategoriene saman i framsyninga og refererer til dei som høvesvis andel «ueinige» og «einige» svar.




Figur 2-26: Spørsmål om betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, svarfordeling for universitet/høgskular og fagskular samla


Overordna ser det ut til at arbeidslivsrelevansen av læringsutbyteskildringane i rimeleg stor grad har vore viktig for studieval (fig. 2-31). Rett under 70 prosent svarar at dei er einige på dette spørsmålet. Dette skil seg frå val av studiestad (fig. 2-31), der læringsutbyteskildringane ikkje ser ut til å ha hatt like stor tyding. Her svarar rett under 40 prosent av studentane at dei er einige, medan 40 prosent svarar at dei er ueinige (svarkategori 1 eller 2). Me ser trass dette ikkje vesentlege forskjellar mellom institusjonstypene når det gjeld kor viktig læringsutbyteskildringane har vore for studieval/val av studiestad, og viser dermed ikkje denne fordelinga.

### Betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval – universitet/høgskular

Figur 2-32 viser andel einige for spørsmåla om betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, fordelt på bachelor- og mastergradsstudentar. Figur 2-33 viser andel einige på same spørsmål, fordelt på utdanningar med og utan rammeplan.



Figur 2-27: Spørsmål om betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, andel einige fordelt på nivå (universitet/høgskular)




Figur 2-28: Spørsmål om betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, andel einige fordelt studiar med og utan rammeplan (universitet/høgskular)

Resultata indikerer ein svak tendens til at bachelorstudentar i større grad svarar at læringsutbyteskildringane var viktig for studieval/val av studiestad, men forskjellane er

små. For arbeidslivsrelevansen av læringsutbyteskildringane er det ein lågare andel masterstudentar som gjev positive svar, men skilnaden er ikkje veldig stor. Det er derimot markante forskjellar mellom utdanningar med og utan rammeplan når det gjeld i kva grad læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av studiestad – her svarar berre 26 prosent av studentane på rammeplanutdanningar at dei er einige, samanlikna med andre utdanningar. Med tanke på at rammeplanstyrte utdanningar har standardiserte læringsutbyteskildringar på program-nivå, er det forventa at desse tala er låge. Me ser ikkje tilsvarande forskjellar på spørsmålet om arbeidslivsrelevansen til læringsutbyteskildringane var viktig for studieval.

Figur 2-34 og 2-35 viser andel einige for dei to spørsmåla om betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, fordelt på utdanningstype. Figurane viser dei 10 utdanningstypene med høgast og lågast andel einige.



Figur 2-29: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av lærestad» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)




Figur 2-30: Andel einige på spørsmålet «Det var viktig for val av studium at læringsutbyteskildringane er relevante i arbeidslivet» fordelt på utdanningstype – dei 10 høgste og 10 lågaste andelane er vist (universitet/høgskular)

I tråd med resultatane vist i figur 2-33 over er 8 av 10 av utdanningstypene som i minst grad svarar at læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av studiestad, rammeplanstyrte. Når det gjeld i kva grad arbeidslivsrelevansen av læringsutbyteskildringane var viktig for studievalet, finn me rammeplanutdanningar både i det nedre og øvre sjiktet. Det er verdt å merke seg at nokre utdanningar hamnar i forskjellig ende av skalaen på dei to spørsmåla. Til dømes ligg statsvitskap og fleire kreative fag lågt på spørsmålet om arbeidslivsrelevansen til læringsutbyteskildringane var viktig, men at dei er einige i at læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av lærestad. Til samanlikning ligg språkfaga lågt på begge spørsmåla, medan informasjon- og datateknologi ligg høgt på begge.

### Tydinga av læringsutbyteskildringane for studieval – fagskular


Figur 2-36 viser andel einige for spørsmåla om tydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, fordelt på stad-, samlings- og nettbaserte studentar.




Figur 2-31: Spørsmål om betydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, andel einige fordelt på utdanningsform (fagskular)

På spørsmåla om kor viktig læringsutbyteskildringane var for val av studiestad, og kor viktig arbeidslivsrelevansen til læringsutbyteskildringane er, er det igjen nettstudentane som skill seg ut på fagskulane. I tråd med at nettstudentane tenderte mot å svare høgare enn stad- og samlingsstudentane på både vurdering av kvalitetar ved læringsutbyteskildringane og bruk av læringsutbyteskildringane, svarar dei òg noko høgare enn desse på læringsutbyteskildringane si rolle i studieval. Forskjellane ligg på rundt 10 prosentpoeng.

Figur 2-37 og 2-38 viser andel einige for dei to spørsmåla om tydinga av læringsutbyteskildringane for studieval, fordelt på utdanningskategori.



Figur 2-32: Andel einige på spørsmålet «læringsutbyteskildringane var avgjerande for val av lærestad» fordelt på utdanningskategori (fagskular)



Figur 2-33: Andel einige på spørsmålet «Det var viktig for val av studium at læringsutbyteskildringane er relevante i arbeidslivet» fordelt på utdanningskategori (fagskular)

Spørsmålet om læringsutbyteskildringane var avgjerande for studieval (fig. 2-37) er det fyrste tilfelle der helse- og velferdsstudentane ikkje ligg øvst på andel einige. I dette tilfellet ligg kreative fag øvst, sjølv om marginane er små. Ein av grunnane til at kreative fag ligg høgt her er at dei kreative utdanningane i fleire tilfelle anten er tilbydd på spesialiserte fagskular (bl.a. for visuell kunst) eller berre på éin (mote, interiør) eller få (film og foto, musikk, dans og drama) fagskular.

## 2.5 Studiebyte og internasjonal studentutveksling og læringsutbyteskildringane

### 2.5.1 Gjennomført overgang/utveksling

Studentane fekk følgjande inngangsspørsmål, saman med spørsmålet om kjennskap til læringsutbyteskildringane:

Har du planlagt, gjennomfører eller har gjennomført ...

- bytte av studium og/eller lærestad nasjonalt?
- utvekslingsopphald i utlandet?
- Ingen av delane

Respondentane som kryssa av for svaralternativa for anten studiebyte og utvekslingsopphald, fekk dei tilhøyrande spørsmåla i det generelle spørsmålsbatteriet om læringsutbyteskildringar:

Kor einig er du i dei følgjande påstandane om læringsutbyteskildringar?

- Læringsutbyteskildringane er viktige ved overgang til andre studiar / andre lærestader

- Læringsutbyteskildringane er nyttige for planlegging av utvekslingsopphold i utlandet
- Læringsutbyteskildringane er nyttige for innpass av utvekslingsopphold i utlandet

Ser me universitet/høgskulesektoren og fagskulesektoren samla, svarar 10 % at dei har planlagt, gjennomfører eller har gjennomført bytte av studium og/eller lærestad nasjonalt. 14 % svarar at dei har planlagt, gjennomfører eller har gjennomført utvekslingsopphald i utlandet og 78 % at dei har gjort ingen av delane.<sup>7</sup>

Bryt me ned tala på sektor, ser me at omtrent 17 % av UH-studentane har planlagt eller gjennomført utveksling, medan berre 3 % av fagskulestudentane svarar det same. UH-studentane viser òg noko høgare førekomst av studiebyte (12 % vs. 6 % på fagskulane).

Det totale inntrykket er at mobiliteten er markant lågare på fagskulane enn på UH – over 90 % av fagskulestudentane har verken bytta studium eller utveksla, medan rapportert mobilitet på UH famnar rundt ein fjerdedel av studentane.

For universitet/høgskular ser me ingen nemneverdige forskjellar i rapportert mobilitet på tvers av nivå (bachelor/master) og berre ein svak tendens til at studentar på rammeplanstyrte program i mindre grad reiser på utveksling.

For fagskulane ser me som nemnt svært låg tendens til mobilitet – det er dermed lite føremålstenleg å bryte ned mobilitetstala for fagskulane på lågare nivå (som utdanningsform og utdanningskategori). Me viser derfor berre overordna svarfordelingar for spørsmåla om nytta av læringsutbyteskildringane i samband med mobilitet for fagskulestudentane.

### 2.5.2 Nytte i overgang/utveksling


Figur 2-39 viser svarfordelinga for spørsmåla om nytten av læringsutbyteskildringane i samband med overgang til andre studium og utveksling, for universitets/høgskule- og fagskulesektoren samla.

Me har slått dei låge (1 og 2) og høge (4 og 5) svarkategoriene saman i framsyninga og refererer til dei som høvesvis andel «ueinige» og «einige» svar.


På grunn av få observasjonar viser me berre resultat for fagskulesektoren samla, ikkje brote ned på utdanningskategori og utdanningsform.

---

<sup>7</sup> Merk at andelane summerer seg til 102 %. Dette er fordi det var mogleg for respondentane å krysse av for både «bytte av studium og/eller lærestad nasjonalt» og «utvekslingsopphald i utlandet» samstundes. Dei som har svart begge blir derfor telt to gonger.




Figur 2-34: Spørsmål om nytte av læringsutbyteskildringane i studiebytte/utveksling, svarfordeling for universitet/høgskular og fagskular samla




Figur 2-35: Spørsmål om nytte av læringsutbyteskildringane i studiebytte/utveksling, andel einige fordelt på sektor

Blant dei som har planlagt, gjennomført eller gjennomfører byte av studium og/eller utveksling, ser det ut til at fleirtalet vurderer læringsutbyteskildringane som nyttig – over 50 prosent svarar 4 eller 5 på alle spørsmål, på tvers av sektorane (figur 2-40) .

Figur 2-41 viser andel einige for spørsmåla om nytte av læringsutbyteskildringane i studiebytte/utveksling, fordelt på bachelor- og mastergradsstudentar. Figur 2-42 viser andel einige på same spørsmål, fordelt på utdanningar med og utan rammeplan.



Figur 2-36: Spørsmål om nytte av læringsutbyteskildringane i studiebytte/utveksling, andel einige fordelt på nivå (universitet/høgskular)



Figur 2-37: Spørsmål om nytte av læringsutbyteskildringane i studiebytte/utveksling, andel einige fordelt studiar med og utan rammeplan (universitet/høgskular)

Resultata indikerer at bachelorstudentane jamt over vurderer nytten av læringsutbyteskildringane høgare enn masterstudentane, men forskjellane er marginale når det gjeld nytte i utveksling. Forskjellane er større for nytten i overgang til andre studium (ca. 10 prosentpoeng). Studentar på utdanningar utan rammeplan vurderer nytten jamt over svakt høgare enn studentar på utdanningar med rammeplan. Dette bør sjåast i lys av at disse studentane også rapporterer større grad av mobilitet (særleg utveksling).

## 2.6 Oppsummering av funn

Studentar ved både universitet/høgskular og fagskular rapporterer svært høg kjennskap til læringsutbyteskildringane, vurderer læringsutbyteskildringane som gode og brukar læringsutbyteskildringane til både emneval og eksamensførebuing. På universitet og høgskular ser det ut til at studentar på rammeplanstyrte utdanningar i større grad blir kjent med læringsutbyteskildringane etter at dei byrjar på studiet, i mindre grad opplever læringsutbyteskildringane som enkle å forstå og brukar læringsutbyteskildringane i større grad til val av emne og i mindre grad i førebuing til eksamen, samanlikna med andre utdanningar. Me ser trass dette ingen nemneverdige forskjellar på tvers av bachelor- og mastergradsstudentar. På fagskulane ser me tendensar i resultata til at nettstudentane i større grad kjenner til læringsutbyteskildringane, og at dei blei kjent med læringsutbyteskildringane før dei søkte om studieplass, samt at dei både vurderer læringsutbyteskildringane som betre og i større grad brukar læringsutbyteskildringane til emneval og eksamensførebuing. Det er markante forskjellar mellom utdanningskategoriar på både vurdering og bruk av læringsutbyteskildringar, og forskjellane tilsvarer forskjellane me òg ser i tilfredsheit mellom kategoriar – helse- og velferdsstudentane vurderer læringsutbyteskildringane meir positivt, og brukar dei meir, samanlikna med dei tekniske studentane. Jamt over ser arbeidslivsrelevansen til læringsutbyteskildringane ut til å vere ein viktig faktor i studieval, medan læringsutbyteskildringane i seg sjølv ikkje er like viktig når det gjeld val av studiestad. Studentar som har planlagt eller gjennomført utveksling eller bytte av studium, vurderer jamt over læringsutbyteskildringane som nyttige verktøy i desse prosessane. Me finn ingen vesentlege forskjellar mellom universitets- og fagskulesektoren på nokon av spørsmåla knytt til læringsutbyteskildringar – tendensane me finn går igjen for alle studentane i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.

## 3 Statistisk analyse

Frå den deskriptive statistikken har me sett at kjennskap til, kvalitetar ved og bruk og nytte av læringsutbyteskildringar varierer med fleire ulike trekk med utdanningane. Det kan sjå ut som det er relevant at utdanninga er styrt av rammeplanar eller ikkje, samt kva fagområde utdanninga høyrer til. I den siste delen har me ønska å sjå på to ting. For det fyrste vil me sjå på om det er systematiske samanhengar mellom kva studentane svarar på dei ulike spørsmåla om læringsutbyteskildringar. Det betyr til dømes at me ønskjer å sjå om det er samanheng mellom kvalitetar ved læringsutbyteskildringane, og i kva grad dei blir brukt og opplevd som nyttige av studentane. Det er svært plausibelt at bruken av læringsutbyteskildringar er knytt til korleis studentane opplever dei. Me kan forvente at læringsutbyteskildringar som studentane vurderer som gode, også framstår meir nyttig, og dermed vil invitere til auka bruk. Me presenterer her modellar som skal kaste lys over desse forholda.

For det andre vil me sjå nærare på variasjonen som den deskriptive statistikken og svarfordelingane viste oss, og sjå desse i samanheng. Gjennom desse modellane vil me forsøkje å isolere samanhengen mellom ulike bakgrunnsvariablar og svara studentane gjev på spørsmål om læringsutbyteskildringar.

I denne delen har me fyrst sett på samanhengen mellom kvalitetar ved læringsutbyteskildringar og bruk. Me presenterer tala frå høgare utdanning og tala frå høgare yrkesfagleg utdanning kvar for seg. Til slutt har me også sett på om det er samanheng mellom i kva grad studentane opplever god kopling mellom læringsutbyteskildringane for utdanninga dei går på og læringsutbyteskildringane for enkeltemna og studentanes vurdering av den faglege

samanhengen i studiet. Dette gjer me for å kunne samanlikne vurderingane som utdanningsinstitusjonane og fagmiljøa har gjort av NKR, og erfaringane til studentane.

### 3.1 Metode

Me ser på totalt sju samanhengar med utgangspunkt i datasettet for universitet/høgskular. Analysemetode er multivariat lineær fleirnivåanalyse («linear mixed models»)<sup>8</sup>. Me undersøker først samanhengen mellom i kva grad respondentane er einige i at læringsutbyte-skildringane er enkle å forstå, at læringsutbyteskildringane for enkeltemne er klart kopla til dei overordna læringsutbyteskildringane for programmet, og at læringsutbyteskildringane samsvarer med det dei har lært hittil i studieprogrammet (heretter referert til samla som «trekk ved læringsutbyteskildringane») og bruk av læringsutbyteskildringane til val av emne (modell 1) og førebuing til eksamen (modell 2). Deretter undersøker me samanhengen mellom trekk ved læringsutbyteskildringane og vurdering av nytten av læringsutbyte-skildringane i samheng med byte av studium og/eller lærestad (modell 3), planlegging av utveksling (modell 4) og innpass av utveksling (modell 5). Til slutt ser me på samanhengen mellom vurderinga av om læringsutbyteskildringane på emnenivå er klart kopla til læringsutbyteskildringane på programnivå, og i kva grad studentane svarar at det er god samheng mellom emna på studiet (modell 6).

For fagskulesektoren ser me på til saman tre samanhengar, tilsvarande modell 1, 2 og 6 skildra over. Desse blir referert til som høvesvis modell 7, 8 og 9. Me undersøker ikkje samhengane tilsvarande modell 3-5, då talet på fagskulestudentar som har svara at dei har planlagt eller gjennomført byte av studium eller utveksling, er for lågt til at me kan feste lit til resultatane frå analysane.

Modell 1-6 har institusjon, utdanningstype og studieprogram som gruppe-variablar (med «random intercept»). Me kontrollerer òg samhengane for variasjon på tvers av om utdanninga er rammeplanstyrt, og alder. I modell 1-5 kontrollerer me i tillegg for vurderinga av samnhengen mellom emna i studiet og for variasjon på tvers av kjønn. For modell 1, 3, 4 og 5 kontrollerer me for studentane si vurdering av tilgjengelegheit av, og kvaliteten på, informasjon om studiet. I modell 2 kontrollerer me for studentanes nivå, gjennom karakterpoeng frå vidaregåande skule og andel karakter A og B av oppnådde karakterar hittil på studiet, og i kva grad dei er einige i at eksamen og andre vurderingsformer handlar om pensum. I både modell 2 og modell 6 kontrollerer me for i kva grad studentane er einige i at undervisinga formidlar og dekkjer pensum godt.

Modell 7-9 har som tilsvarande modellar over institusjon, utdanningskategori og utdanningstilbod som nivå-variablar (med «random intercept»). Me kontrollerer òg samhengane for variasjon på tvers av utdanningskategori, utdanningsform (stad-, samling eller nettbasert), alder og i kva grad studenten er einige i at dei har fått god innføring i læringsutbyteskildringar. I modell 7 og 8 kontrollerer me i tillegg for vurderinga av samnhengen mellom emna i studiet og for variasjon på tvers av kjønn. For modell 7 og 9 kontrollerer me for studentane si vurdering av tilgjengelegheit av, og kvaliteten på, informasjon om studiet. I modell 8 kontrollerer me for studentanes nivå, gjennom

---

<sup>8</sup> Avhengig variabel i alle modellar er ordinalskalert med fem verdjar (Likert-skala). I tillegg til lineær regresjon er det difor i tillegg gjennomført rangert logistisk regresjon med variabelsetta frå modell 1-9, tatt høgde for brot på slutninga om proporsjonale odds. I alle tilfelle finn me tilsvarande signifikans, retning og relativ storleik på effektane av dei sentrale uavhengige variablane. Me vel derfor her å vise resultatane frå dei lineære regresjonsmodellane.

karactersnitt frå studiet og om studenten har oppnådd karakter A eller B hittil på studiet, og i kva grad dei er einige i at eksamen og andre vurderingsformer handlar om pensum. I både modell 8 og 9 kontrollerer me for i kva grad studentane er einige i at undervisinga formidlar og dekkjer pensum godt.<sup>9</sup>

I framstillinga av resultatane frå regresjonsanalysane viser me av plassomsyn berre koeffisientar for sentrale uavhengige variablar samt kontrollvariablar med signifikante samanhengar av tilstrekkeleg storleik til at det er føremålstenleg å kommentere desse. Me viser ikkje standardfeil saman med koeffisientane. Tabell 3-1 til 3-4 viser deskriptiv statistikk for variablane som er inkludert i framstillinga av regresjonsresultata. Tabell 3-1 og 3-2 dekkjer variablar for universitet/høgskular, og tabell 3-3 og 3-4 dekkjer variablar for fagskular. Sjå separat vedlegg for fullstendige tabellar med deskriptiv statistikk (inkl. fullstendig spørsmåltekst for spørsmålsvariablar), koeffisientar og standarfeil for alle variablar i modellane.

---

<sup>9</sup> Personlege bakgrunnsvariablar (kjønn, alder m.m.) er henta frå hhv. Felles studentsystem (FS) og Digitaliseringsdirektoratet kontaktregister for universitet/høgskular og fagskulane. Sjå kapittel 3.1 i dokumentasjonsrapportane for Studiebarometeret for nærare detaljar om korleis desse dataa er henta ut: [https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2022/hoyere-utdanning/studiebarometeret\\_2021\\_dokumentasjonsrapport\\_2-2022.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2022/hoyere-utdanning/studiebarometeret_2021_dokumentasjonsrapport_2-2022.pdf); [https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2021/fagskole/studiebarometeret-for-fagskolestudenter-2021\\_dokumentasjonsrapport\\_12-2021.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2021/fagskole/studiebarometeret-for-fagskolestudenter-2021_dokumentasjonsrapport_12-2021.pdf).

Tabell 3-1: Deskriptiv statistikk for numeriske variabler (universitet/høgskular)

| Variabelnamn (kortform)                                       | N     | Missing | Andel missing | Gj. Snitt | Std.av. | Median | Min | Max |
|---------------------------------------------------------------|-------|---------|---------------|-----------|---------|--------|-----|-----|
| Brukar læringsutbyteskildringane for emneval                  | 17257 | 12966   | 43            | 3,3       | 1,29    | 3      | 1   | 5   |
| Brukar læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing        | 21180 | 9043    | 30            | 3,3       | 1,31    | 3      | 1   | 5   |
| Læringsutbyteskildringane nyttig i overgang til andre studiar | 1763  | 28460   | 94            | 3,6       | 1,18    | 4      | 1   | 5   |
| Læringsutbyteskildringane nyttig i planlegging av utveksling  | 2551  | 27672   | 92            | 3,4       | 1,23    | 4      | 1   | 5   |
| Læringsutbyteskildringane nyttig i innpass av utveksling      | 2340  | 27883   | 92            | 3,5       | 1,2     | 4      | 1   | 5   |
| Samanheng mellom emna på studiet                              | 27036 | 3187    | 11            | 3,6       | 1,05    | 4      | 1   | 5   |
| Læringsutbyteskildringane enkle å forstå                      | 21380 | 8843    | 29            | 3,5       | 0,99    | 4      | 1   | 5   |
| Klar kopling mellom læringsutbyteskildringane                 | 19736 | 10487   | 35            | 3,6       | 0,96    | 4      | 1   | 5   |
| Læringsutbyteskildringane samsvarar med læringsutbyte         | 19389 | 10834   | 36            | 3,7       | 0,91    | 4      | 1   | 5   |
| Undervising formidlar pensum                                  | 30075 | 148     | 0             | 3,6       | 0,92    | 4      | 1   | 5   |
| Undervising dekkjer pensum                                    | 29659 | 564     | 2             | 3,9       | 0,92    | 4      | 1   | 5   |

Tabell 3-2: Deskriptiv statistikk for dikotome/kategoriske variabler (universitet/høgskular)

| Variabelnamn (kortform)      | N     | Gj. snitt | Std.av. | Min | Max |
|------------------------------|-------|-----------|---------|-----|-----|
| Rammeplan                    | 30223 | 0,41      | 0,49    | 0   | 1   |
| 0 «Ikkje rammeplanstyrt» (%) | 17728 | 58,7      |         |     |     |
| 1 «Rammeplanstyrt» (%)       | 12495 | 41,3      |         |     |     |
| Kjønn                        | 21535 | 0,64      | 0,48    | 0   | 1   |
| 0 «Mann» (%)                 | 7734  | 35,9      |         |     |     |
| 1 «Kvinne» (%)               | 13801 | 64,1      |         |     |     |

Tabell 3-3: Deskriptiv statistikk for numeriske variabler (fagskular)

| Variabelnamn (kortform)                                | N    | Missing | Andel missing | Gj. Snitt | Std.av. | Median | Min | Max |
|--------------------------------------------------------|------|---------|---------------|-----------|---------|--------|-----|-----|
| <b>Brukar læringsutbyteskildringane for emneval</b>    | 5204 | 4210    | 44,72         | 3,26      | 1,26    | 3      | 1   | 5   |
| Brukar læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing | 5881 | 3533    | 37,53         | 3,51      | 1,24    | 4      | 1   | 5   |
| Læringsutbyteskildringane enkle å forstå               | 6804 | 2610    | 27,72         | 3,63      | 0,98    | 4      | 1   | 5   |
| Klar kopling mellom læringsutbyteskildringane          | 6265 | 3149    | 33,45         | 3,82      | 0,98    | 4      | 1   | 5   |

|                                                       |      |      |       |      |      |   |   |   |
|-------------------------------------------------------|------|------|-------|------|------|---|---|---|
| Læringsutbyteskildringane samsvarar med læringsutbyte | 5990 | 3424 | 36,37 | 3,8  | 0,99 | 4 | 1 | 5 |
| Samanheng mellom emne                                 | 8426 | 988  | 10,5  | 3,88 | 1,01 | 4 | 1 | 5 |
| Innføring læringsutbyteskildringane                   | 7971 | 1443 | 15,33 | 3,55 | 1,16 | 4 | 1 | 5 |
| Undervising formidlar pensum                          | 8768 | 646  | 6,86  | 3,77 | 1,06 | 4 | 1 | 5 |
| Undervising dekkjer pensum                            | 8595 | 819  | 8,7   | 4    | 0,96 | 4 | 1 | 5 |
| Eksamen dekker pensum                                 | 7981 | 1433 | 15,22 | 4,15 | 0,91 | 4 | 1 | 5 |

Tabell 3-4: Deskriptiv statistikk for dikotome/kategoriske variablar (fagskular)

| Variabelnamn (kortform)      | N | Gj.snitt | Std.av. | Min  | Max |   |
|------------------------------|---|----------|---------|------|-----|---|
| Utdanningsform               |   | 9414     | 2,2     | 0,88 | 1   | 3 |
| Nettbasert med samlingar (%) |   | 2911     | 30,92   |      |     |   |
| Nettbasert undervising (%)   |   | 1736     | 18,44   |      |     |   |
| Stadbasert undervising (%)   |   | 4767     | 50,64   |      |     |   |
| Utdanningskategori           |   | 9414     | 4,08    | 1,49 | 1   | 6 |
| Anna (%)                     |   | 198      | 2,1     |      |     |   |
| Helse og velferd (%)         |   | 2150     | 22,84   |      |     |   |
| Kreativ (%)                  |   | 1107     | 11,76   |      |     |   |
| Samferdsel (%)               |   | 610      | 6,48    |      |     |   |
| Teknisk (%)                  |   | 3954     | 42      |      |     |   |
| ØkAdm (%)                    |   | 1395     | 14,82   |      |     |   |


## 3.2 Analyseresultat (universitet/høgskular)

Tabell 3-5 viser regresjonskoeffisientar for modell 1 og 2, som undersøker samanhengen mellom trekk ved læringsutbyteskildringane og bruk av læringsutbyteskildringane til emneval og i eksamensførebuing.

Tabell 3-5: Resultat frå regresjonsanalysar med bruk av læringsutbyteskildringar som avhengig variabel, og kvalitetar ved læringsutbyteskildringar som sentrale uavhengige variablar – multivariat lineær fleirnivåanalyse med robuste standardfeil

|                                                       | Modell 1<br>Bruker læringsutbyteskildringane<br>for emneval | Modell 2:<br>Bruker læringsutbyteskildringane<br>til eksamensførebuing |
|-------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------|
| Læringsutbyteskildringane enkle å forstå              | 0.186***                                                    | 0.111***                                                               |
| Klar kopling mellom læringsutbyteskildringane         | 0.199***                                                    | 0.068***                                                               |
| Læringsutbyteskildringane samsvarar med læringsutbyte | 0.284***                                                    | 0.465***                                                               |
| Rammeplan                                             | -0.225***                                                   | 0.220***                                                               |
| Kjønn                                                 | 0.089***                                                    | 0.191***                                                               |
| Konstant                                              | 0.744***                                                    | 1.497***                                                               |
| N                                                     | 12824                                                       | 10422                                                                  |

\*  $p < 0.05$ , \*\*  $p < 0.01$ , \*\*\*  $p < 0.001$ . Kontrollvariablar inkluderer: nivåvariablar for institusjon, utdanningstype og program samt rammeplan, kjønn, alder, samanheng emne (båe modellar); tilgjengelegheit informasjon, kvalitet informasjon (kun modell 1); karakterar VGS, andel A/B, undervising – formidlar pensum, undervisingdekkjer pensum, vurdering pensum (kun modell 2).



Figur 3-1: Predikerte verdiar for bruk av læringsutbyteskildringane til emneval og bruk av læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing for nivå på samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte

Resultata viser signifikant, positiv samanheng mellom trekk ved læringsutbyteskildringane og bruk av læringsutbyteskildringane til både emneval og eksamensførebuing. Den klart

sterkaste sammenhengen ser me for opplevd samsvar mellom læringsutbyteskildringane og faktisk læringsutbyte og bruk til eksamensførebuing, med ein stigningskoeffisient på 0,494. Om læringsutbyteskildringane er enkle å forstå eller om emne-læringsutbyteskildringane er klart kopla til program-læringsutbyteskildringane, viser på den andre sida svak, men positiv sammenheng med bruk til eksamensførebuing. For bruk til emneval ser me òg den sterkaste sammenhengen for samsvar (stigningskoeffisient på 0,286), men her ligg til gjengjeld noko meir av forklaringskrafta i dei to andre trekka ved læringsutbyteskildring-variablane (om læringsutbyteskildringane er enkle og klart kopla på program- om emnenivå), samanlikna med bruk til eksamensførebuing. Figur 3-1 viser predikerte verdiar for bruk av læringsutbyteskildringane til emneval og eksamensførebuing for enkeltverdiar på samsvarsvariabelen. Ei auke i ein svarkategori på samsvarsvariabelen heng saman med ei auke på omtrent ein halv svarkategori på spørsmålet om eksamensførebuing.


Resultata indikerer at studentar som opplev at læringsutbyteskildringane samsvarer med det dei har lært, i større grad brukar læringsutbyteskildringane til emneval og i markant større grad brukar læringsutbyteskildringane når de førebur seg til eksamen. Det er òg verd å nemne ein signifikant, men svakt negativ sammenheng mellom det å vere på ei rammeplan-styrt utdanning og bruk av læringsutbyteskildringane til emneval og ein signifikant, men moderat svak, positiv tendens til at kvinner i større grad nyttar læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing.

Tabell 3-6 viser regresjonskoeffisientar for modell 3-5, som undersøker sammenhengen mellom trekk ved læringsutbyteskildringane og vurderinga av nytten av læringsutbyteskildringane til overgang til andre studiar og planlegging/innpass av utveksling.



Tabell 3-6: Resultat frå regresjonsanalysar med nytte av læringsutbyteskildringar i studiebyte og utveksling som avhengig variabel, og kvalitetar ved læringsutbyteskildringar som sentrale uavhengige variablar – multivariat lineær fleirnivåanalyse med robuste standardfeil

|                                                        | Modell 3:<br>Læringsutbyteskildringane er nyttige i overgang til andre studiar | Modell 4:<br>Læringsutbyteskildringane er nyttige i planlegging av utveksling | Modell 5:<br>Læringsutbyteskildringane er nyttige i innpass av utveksling |
|--------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|
| Læringsutbyteskildringane er enkle å forstå            | 0.106**                                                                        | 0.060**                                                                       | 0.077*                                                                    |
| Klar kopling mellom læringsutbyteskildringane          | 0.112*                                                                         | 0.149***                                                                      | 0.161***                                                                  |
| Læringsutbyteskildringane samsvarer med læringsutbytet | 0.395***                                                                       | 0.356***                                                                      | 0.329***                                                                  |
| Konstantledd                                           | 1.385***                                                                       | 1.197***                                                                      | 1.159***                                                                  |
| N                                                      | 1325                                                                           | 2015                                                                          | 1875                                                                      |


\*  $p < 0.05$ , \*\*  $p < 0.01$ , \*\*\*  $p < 0.001$ . Kontrollvariablar inkluderer: nivåvariablar for institusjon, utdanningstype og program, samt rammeplan, alder, sammenheng emne, tilgjengelegheit informasjon, kvalitet informasjon.



Figur 3-2: Predikerte verdier for nytte av læringsutbyteskildringane til overgang til andre studium for nivå på samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte



Figur 3-3: Predikerte verdier for nytte av læringsutbyteskildringane til planlegging av utveksling for nivå på hhv. kobling mellom emne-læringsutbyteskildringane og program-læringsutbyteskildringane og samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte



Figur 3-4: Predikerte verdier for nytte av læringsutbyteskildringane til innpass av utveksling for nivå på høvesvis kobling mellom emne-læringsutbyteskildringane og program-læringsutbyteskildringane og samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbytte

Resultata viser signifikant, positiv samanheng mellom opplevd samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbytte og vurderinga av nytten av læringsutbyteskildringane i samanheng med både studiebyte og utveksling. Samanhengen er moderat sterk i alle tre modellar, med ein stigningskoeffisient på 0,400, 0,356 og 0,328 i høvesvis modell 4,5 og 6. Blant dei andre variablane som dekkjer trekk ved læringsutbyteskildringane, er det berre kobling mellom emne-læringsutbyteskildringane og program-læringsutbyteskildringane som viser tydeleg signifikant samanheng med vurdering av nytte opp mot utveksling, og denne samanhengen er nokså svak. Modell 4-6 viser ingen tydeleg signifikante samanhengar for nokon av dei inkluderte kontrollvariablane.

Figur 3-2 viser predikerte verdier for vurdering av nytte av læringsutbyteskildringane til emneval for enkeltverdier på samsvarsvariabelen. Figur 3-3 og 3-4 viser tilsvarande samanheng for vurderinga av nytte av læringsutbyteskildringane til planlegging og innpass av utveksling og inkluderer predikerte verdier for enkeltverdier på kobling mellom program-læringsutbyteskildringane og emne-læringsutbyteskildringane.


Tabell 3-7 viser regresjonskoeffisientar for modell 6, som undersøker samanhengen mellom kobling mellom emne-læringsutbyteskildringane og program-læringsutbyteskildringane og opplevinga av at det er god samanheng mellom emna på studiet.

Tabell 3-7: Resultat frå regresjonsanalysar med opplevd samanheng mellom emna på studiet som avhengig variabel og kvalitetar ved læringsutbyteskildringar som sentrale uavhengige variablar – multivariat lineær fleirnivåanalyse med robuste standardfeil

| Modell 6:                                               |          |
|---------------------------------------------------------|----------|
| Samanheng mellom emna på studiet                        |          |
| Klar kobling mellom læringsutbyteskildringane           | 0.242*** |
| Læringsutbyteskildringane samsvarar med læringsutbyttet | 0.172*** |
| Undervising formidlar pensum                            | 0.203*** |
| Undervising dekkjer pensum                              | 0.253*** |

|              |          |
|--------------|----------|
| Konstantledd | 0.549*** |
| N            | 15687    |

\*  $p < 0.05$ , \*\*  $p < 0.01$ , \*\*\*  $p < 0.001$ . Kontrollvariablar inkluderer: nivåvariablar for institusjon, utdanningstype og program, samt rammeplan, alder, undervising formidlar pensum, og undervising dekkjer pensum.



Figur 3-5: Predikerte verdiar for samanhengen mellom emna i studieprogrammet for nivå på kopling mellom emne-læringsutbyteskildringane og program-læringsutbyteskildringane

Resultata viser signifikant, positiv samanheng av moderat storleik (stigningskoeffisient på 0,246) mellom oppleving av kopling mellom emne-læringsutbyteskildringane og program-læringsutbyteskildringane og oppleving av at det er god samanheng mellom emna på studiet. Dette kan tyde på at det er ein samanheng mellom korleis studentane opplever samanheng i læringsutbyteskildringane og fagleg samanheng i utdanninga generelt. Eit viktig atterhald her er at me ikkje kan slå fast kva årsaksretning denne samanhengen eventuelt tar: På den eine sida kan studentane oppleve at det er god kopling mellom læringsutbyteskildringar på emnenivå og læringsutbyteskildringar på programnivå fordi dei opplev god fagleg samanheng i utdanninga. Det vil seie at læringsutbyteskildringane for emne og program dannar eit meir heilskapleg bilete fordi dei allereie opplever god fagleg samanheng. På den andre sida er det også mogleg at dei opplev god fagleg samanheng i utdanninga fordi det er kopling mellom læringsutbyteskildringane på emne- og programnivå. Det vil seie at læringsutbyteskildringane bidrar til å formidle, eller skape ei oppleving av, fagleg samanheng i utdanninga. Det er samstundes plausibelt at det kan eksistere ein vekslerknad her. Tala for studentane er avgrensa til å seie noko om at det er ein samanheng, og me kan ikkje fastslå kva mekanisme som opererer her. Det er også mogleg at fagmiljøas arbeid med samanheng i læringsutbyteskildringane bidrar til reelt betre fagleg samanheng i utdanninga, men dette kan altså desse tala ikkje seie noko om.

Me ser òg ein signifikant, positiv, men nokså svak samanheng for opplevd samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte. Resultata viser samstundes ein tilsvarande moderat sterk samanheng for i kva grad undervisinga formidlar og dekkjer pensum godt som for kopling mellom læringsutbyteskildringane, med koeffisientar på høvesvis 0,203 og 0,263. Figur 3-5 viser predikerte verdiar for den faglege samanhengen på studiet for

enkeltverdiar på kopling mellom program- læringsutbyteskildringane og emne- læringsutbyteskildringane. Ei auke frå lågaste til høgaste svarkategori på kopling heng saman med ei auke på omtrent ein svarkategori på fagleg samanheng.

Det er ein klar samanheng mellom trekk ved læringsutbyteskildringar for utdanningane og studentanes bruk av dei. Mest sentralt er i kva grad studentane er einige i at læringsutbyteskildringane samsvarer med det dei har lært. Det er verd å merke seg at denne variabelen handlar om samsvaret mellom læringsutbyteskildringar og det studentane faktisk har lært i *emne dei har avslutta*. Det er altså ein samanheng mellom korleis dei har opplevd læringsutbyteskildringar for allereie avslutta emne, og i kva grad dei er einige i at dei brukar læringsutbyteskildringar for å førebu seg til eksamen reint generelt. Me kan forstå dette som at det er ein klar samanheng mellom i kva grad studentane opplever læringsutbyteskildringane som eit realistisk uttrykk for den faktiske læringa. Denne samanhengen består sjølv når me kontrollerer for at undervisinga og vurderingane studentane går gjennom dekkjer pensum.

### 3.3 Analyseresultat (fagskular)

Tabell 3-8 viser regresjonskoeffisientar for modell 1 og 2, som undersøker samanhengen mellom trekk ved læringsutbyteskildringane og bruk av læringsutbyteskildringane til emneval og i eksamensførebuing.

Tabell 3-8: Resultat frå regresjonsanalysar med bruk av læringsutbyteskildringar som avhengig variabel, og kvalitetar ved læringsutbyteskildringar som sentrale uavhengige variablar – multivariat lineær fleirnivåanalyse med robuste standardfeil

|                                                        | Modell 7:<br>Bruker læringsutbyteskildringane<br>for emneval | Modell 8:<br>Bruker læringsutbyteskildringane<br>til eksamensførebuing |
|--------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------|
| Læringsutbyteskildringane er enkle å forstå            | 0.174***                                                     | 0.142***                                                               |
| Klar kopling mellom læringsutbyteskildringane          | 0.354***                                                     | 0.134**                                                                |
| Læringsutbyteskildringane samsvarar med læringsutbytet | 0.302***                                                     | 0.511***                                                               |
| Samanheng mellom emnene                                | -0.102***                                                    | -0.012                                                                 |
| Innføring i læringsutbyteskildringane                  | 0.059*                                                       | 0.123**                                                                |
| Eksamen dekkjer pensum                                 |                                                              | -0.130***                                                              |
| Konstantledd                                           | 0.270                                                        | 0.987                                                                  |
| Observasjonar                                          | 3719                                                         | 1778                                                                   |


\*  $p < 0.05$ , \*\*  $p < 0.01$ , \*\*\*  $p < 0.001$ . Kontrollvariablar inkluderer: nivåvariablar for institusjon, utdanningskategori og utdanningstilbod, samt utdanningsform, kjønn, alder, samanheng emne, innføring i læringsutbyteskildringar (begge modellar); tilgjengelegheit informasjon, kvalitet informasjon (kun modell 1); gjennomsnittskarakter fagskule, har A eller B, undervisingformidlar pensum, undervisingdekkjer pensum, vurdering pensum (kun modell 2).

Som for universitet/høgskular viser resultatata signifikant, positiv samanheng mellom trekk ved læringsutbyteskildringane og bruk av læringsutbyteskildringane til både emneval og eksamensførebuing. Igjen ser me den klart sterkaste samanhengen for opplevd samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte og bruk til eksamensførebuing, med ein stigningskoeffisient på 0,508. Om læringsutbyteskildringane er enkle å forstå eller om emne-læringsutbyteskildringane er klart kopla til program-læringsutbyteskildringane, viser


på den andre sida forholdsvis svak samanheng med bruk til eksamensførebuing. I kva grad studentane er einige i at dei har fått god innføring i læringsutbyteskildringane for utdanninga ser uansett ut til å ha berre ein svak, positiv samanheng med om bruken av læringsutbyteskildringar for eksamensførebuing. Modell 7 skil seg frå tilsvarende modell for universitet/høgskular i at både samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte og kopling mellom program-læringsutbyteskildringane og emne-læringsutbyteskildringane har tilsvarende moderat sterke samanhengar, med den største effekten for kopling mellom læringsutbyteskildringane.

Figur 3-6 viser predikerte verdiar for bruk av læringsutbyteskildringane til emneval og eksamensførebuing for enkeltverdiar på kopling mellom læringsutbyteskildringane og samsvar med læringsutbyte. Ei auke i ein svarkategori på samsvarsvariabelen heng saman med ei auke på omtrent ein halv svarkategori på spørsmålet om eksamensførebuing. Styrken på samanhengen er noko svakare mellom samsvarsvariabelen og bruk til emneval. Resultata indikerer at samanhengen mellom oppleving av at læringsutbyteskildringane samsvarer med det man har lært – samt til ein viss grad klar kopling mellom læringsutbyteskildringar på emnenivå og læringsutbyteskildringane på programnivå – og auka bruk av læringsutbyteskildringane er konsekvent på tvers av universitets- og fagskulesektoren.

Det er òg verd å nemne ein signifikant, men svak negativ samanheng mellom vurderinga av fagleg samanheng mellom emna på studiet og bruk av læringsutbyteskildringane til emneval. I tillegg ser me ein signifikant, men svak, negativ samanheng mellom i kva grad vurderingsformer dekkjer pensum godt og bruk av læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing og ein tilsvarende svak, positiv samanheng for god innføring i læringsutbyteskildringane.



Figur 3-6: Predikerte verdiar for bruk av læringsutbyteskildringane til emneval for nivå på kopling mellom program-læringsutbyteskildringane og emne-læringsutbyteskildringane og samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte




Figur 3-7: Predikerte verdiar for bruk av læringsutbyteskildringane til eksamensførebuing for nivå på kobling mellom program-læringsutbyteskildringane og emne-læringsutbyteskildringane og samsvar mellom læringsutbyteskildringane og læringsutbyte

Tabell 3-7 viser regresjonskoeffisientar for modell 9, som undersøker samanhengen mellom kobling mellom læringsutbyteskildringar på emne- og programnivå og opplevinga av at det er god samanheng mellom emna på studiet.

Tabell 3-9: Resultat frå regresjonsanalysar med bruk av læringsutbyteskildringar som avhengig variabel og kvalitetar ved læringsutbyteskildringar som sentrale uavhengige variablar – multivariat lineær fleirnivåanalyse med robuste standardfeil

| Modell 9:                                              |          |
|--------------------------------------------------------|----------|
| Samanheng mellom emna i studiet                        |          |
| Klar kobling mellom læringsutbyteskildringane          | 0.137*** |
| Læringsutbyteskildringane samsvarar med læringsutbytet | 0.113*** |
| Innføring i læringsutbyteskildringane                  | 0.280*** |
| Undervising formidlar pensum                           | 0.162*** |
| Undervising dekkjer pensum                             | 0.221*** |
| Konstant                                               | 0.536*** |
| N                                                      | 4432     |

\*  $p < 0.05$ , \*\*  $p < 0.01$ , \*\*\*  $p < 0.001$ . Kontrollvariablar inkluderer: nivåvariablar for institusjon, utdanningskategori og utdanningstilbod, samt utdanningsform, alder, samanheng emne, innføring i læringsutbyteskildringar, undervising formidlar pensum, undervising dekkjer pensum.



Figur 3-8: Predikerte verdier for sammenhengen mellom emna i studieprogrammet for nivå på innføring i læringsutbyteskildringane, og om undervisninga dekkjer pensum

Resultata viser signifikant, positiv men svak samanheng (stigningskoeffisient på 0,137) mellom grad av kopling mellom læringsutbyteskildringar på emne- og programnivå og opplevinga av at det er god samanheng mellom emna på studiet. Samanhengen framstår som svakare enn for universitet/høgskular. Det same atterhaldet for årsaksretning gjeld her som for universitet/høgskular. Samstundes ser me at samanhengen for god innføring i læringsutbyteskildringane og om undervisninga dekkjer pensum godt er markant sterkare enn for kopling mellom læringsutbyteskildringane, med koeffisientar på høvesvis 0,280 og 0,266. Det er òg ein signifikant svakare, positiv samanheng for om undervisninga formidlar pensum godt (0,160), som framleis er sterkare enn for kopling mellom læringsutbyteskildringane.

Figur 3-8 viser predikerte verdier for den faglege samanhengen på studiet for enkeltverdier på kopling mellom læringsutbyteskildringar på emne- og programnivå. Ei auke frå lågaste til høgaste svarkategori på kopling heng saman med ei auke på omtrent ein halv svarkategori på fagleg samanheng.

Også for fagskulestudentar er det ein klar samanheng mellom trekk ved læringsutbyteskildringane for utdanningane, og i kva grad studentane brukar dei. Samsvaret læringsutbyteskildringane har med det dei faktisk har lært er også her klart størst, men for fagskulestudentane har dei andre variablane større samanheng med bruken.

### 3.4 Oppsummering av funn

Resultata tyder på at det er tydeleg samanheng mellom studentane si vurdering av kvaliteten på læringsutbyteskildringane, i hovudsak i kva grad læringsutbyteskildringane samsvarar med studentane sitt opplevde læringsutbyte, og om dei brukar læringsutbyteskildringane til både val av emne og førebuing til eksamen. Samanhengen er *klart* sterkast mellom opplevd samsvar og bruk av læringsutbyteskildringar til eksamensførebuing, og dette er tilfelle for både universitet/høgskular og fagskular. Dette tyder på at studentane si oppleving av kor godt læringsutbyteskildringar samsvarer med dei faktisk lærer har stor effekt på bruken av læringsutbyteskildringar. For fagskulane har god kopling mellom læringsutbyteskildringane og samsvar mellom læringsutbyteskildringane med

læringsutbyttet omtrent like stor påverknad på bruken i samband med emneval. Analysane støttar opp om påstanden at læringsutbyteskildringane i større grad blir brukt dersom *kvaliteten* på læringsutbyteskildringane er god, og at opplevd samsvar med det faktiske læringsutbyttet er ein viktigare faktor for auka bruk enn at læringsutbyteskildringane er enkle å forstå, eller at det er tydeleg kopling mellom læringsutbyteskildringane på emne- og programnivå.

For universitet/høgskular ser me tilsvarande signifikante, positive samanheng mellom samsvar med opplevd læringsutbyte og vurderinga av læringsutbyteskildringar som nyttig i samband med overgang til andre studiar og med planlegging og innpass av utveksling. Styrken på samhengane er samanliknbare, om enn noko svakare enn mellom opplevd samsvar og bruk til eksamensførebuing.

Til slutt indikerer analysane ein viss positiv samanheng mellom studentane si vurdering av koplinga mellom læringsutbyteskildringar studiet, og opplevinga av at det er god fagleg samanheng mellom emna i studiet. Her ser me likevel at studentane si vurdering av om undervisinga på studiet både dekkjer og formidlar pensum godt viser tilsvarande sterk positiv samanheng med opplevinga av fagleg samanheng.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)